

# Farmasihistorie i den andalusiske hovudstaden

Bjarne Thune,  
Alliance apotek  
Askøy

I år var Sevilla vertskap for den internasjonale farmasihistoriekongressen, 19. – 22. september. Denne solsvilde, men likevel så frodige, kosmopolitiske, spanske storbyen er verd eit besøk uansett.

Heile byen formeleg fløymer over av gammal spansk og maurisk kultur. Sevilla er eit naturleg sentrum for flamenco og tyrefekting og er sjølv appelsinhovudstaden, med lange allear av appelsintre og andre sitruslektningar.

Byen ligg ved ei av Spanias største elvar, den ikkje lite imponerende Guadalquivir, og hadde i si tid monopol på handelen med "Den nye verda", både import og eksport.

## CHRISTOFER COLUMBUS "VAR DER"

Veldig spennande er det at Christofer Columbus førebudde reisene sine i biblioteket i eit av byens mange kloster, ein bygning som i dag er nytta av universitetet, og der alle dei ivrigaste kongressdeltakarane vart tekne med til ei lita samkome kvelden før det heile starta.

Dagen etter fekk vi ei omvising i det gamle arkivet i Sevilla. Bygningen står for øvrig på den prestisjetunge lista til UNESCO. Alle opplysningane om dei nye oppdagingane vart samla der. Eit lite brev frå Columbus til sonen var litt rørende midt oppi alt det veldig viktige som faktisk endra heile verdsbiletet.

Columbus har forresten funne siste kvilestaden sin i Sevilla i eit imponerende gravmæle i den enno meir imponerende katedralen midt i byen. Dette er faktisk femte gravstaden til Colombus. Kanskje det no er på tide at han får fred.

Undersøkingar gjorde i samband med 500-års jubileet for Columbus si oppdaging av Amerika, viste rettnok at sjølv "kista" inneheld om lag 200 gram bein av menneskeleg opphav. Resten var ymse dyreknoklar. Så kan ein berre lura på om Columbus er representert i Sevilla i det heile.

## KONGRESSEN, EIN EKTE SPANSK PAELLA

Men så til kongressen, som vanleg ein velkomponert lapskaus, eller kanskje heller ein ekte spansk paella, med veldig mange emne, sjølv om hovudtema denne gongen var "Droger og legemiddel frå begge sider av Atlanterhavet". Dermed kunne det ikkje heller ha vore ein meir høveleg møtestad.

For første gong var Serbia og Japan representerte mellom dei 220 deltakarane frå 33 land.

Til neste kongress, i Wien 2009, er det ei von om at også Kina vil ha fått sin eigen farmasihistoriske avdeling.



## To norske foredrag

Frå Norge var vi også denne gongen ei handfull farmasihistorieentusiastar, og som vanleg var vi like mange som Danmark, Finland og Sverige til saman!

Rettnok var det denne gongen berre to norske foredrag, men vi var veldig krye av å kunna lytta til Henrik Andersgaard (tv) og Rolf Klevstrand (th) som tok for seg så ulike emne som reisene til Henrik Ibsen og klassisk og nyare bruk av *Extractum Filicis* til behandling av pasientar med bendelorm.

Som vanleg var det eit lite lotteri å velja der det var opptil tre parallelle foredrag, men ein måtte gå etter forståeleg språk eller kjennskap og venskap. Kjende frå etterkvart mange slike samlingar må ein berre støtta opp om, iallfall norske og nordiske grannar.

## IKKJE BERRE ENGELSK

Det sosiale kring slike evenement brukar gjerne vera minst like interessant som sjølv kongressen. At dei innfødde, og mellom dei våre spanske kollegaer, har både songen, musikken og dansen under huden og fullstendig i blodet fekk vi mange døme på. Verkeleg fornøyeleg!

Å treffa att gamle kjende er alltid stas, at ein lyt prøva seg på både tysk, fransk og litevella italiensk utanom "sidemålet" gjer at ein skjerpar seg ekstra, og det skal ikkje mange orda til før tråden er teken oppatt frå forrige kongress.

## AUF WIEDERSEHEN IN WIEN?

Med andre ord: Alle var samde om at det hadde vore ein fin tur, slik vi avslutta mang ein skulestil i gamle dagar.

Vi ser verkeleg fram til neste internasjonale farmasihistoriekongress, i Wien, 16. til 19. september 2009. Hovudtema der er "Remedy and society", noko ein kan spinna mykje interessant kring. Kva med å førebu eit 10 minutt innlegg på engelsk eller tysk og bli med til Wien? Skulle det vera så avansert? Elles går det bra å vera med i den interesserte tilhøyrarskaren, slik underteikna var det denne gongen.

Når ein sjølv skal halda foredrag, er det diverre ikkje alltid ein er heilt open for annan input før eige innlegg er avlevert. Difor er det rein nyting når ein berre kan opna opp for det andre har å by på. På slike kongressar kan ein få store overraskingar, både når det gjeld emneval og innhald i foredraga, og dei mange korte innlegga kan kveikja ein sterk hug til å forska vidare på eiga hand i eige land. Kanskje er det største risikoen med og nytteverdien av slike kongressar?

Har du lyst til å sjå fleire bilete frå kongressen?

Prøv: [www.farmasihistorie.com/](http://www.farmasihistorie.com/)